



Helse Førde HF
Postboks 1000
6807 FØRDE

Prosjekt prehospitala tenester fase 1 - Helse Førde HF - Høyring

Rapporten er ein presentasjon av fakta og overordna vurderingar. Den peiker fram mot kva ein bør sjå på i neste fase.

- Helseføretaket erfarer at kommunehelsetenesta ikkje rykkjer ofte nok ut på alvorlege hendingar og ulykker. I Fylkesmennene si kartlegging frå 2014 fann vi at legevaktlegane i dei tre fylka i vest i snitt rykkjer ut ved meir enn 80 % av raude responsar, mest i Hordaland (94 %), deretter Sogn og Fjordane (83 %) og minst i Rogaland (77 %). Gjennomsnittet for landet er 66 %.
- Helseføretaket klarar i gjennomsnitt å oppfylle 81 % av oppdraga innanfor tilrådd responstid og plasserer seg midt i sjiktet av føretak.
- Helse Vest signaliserer at ein skal ha ambisjon om å betre responstidene for dei kommunane som heng etter. Det skal også prioriterast å oppruste ambulansestasjonar og avvikle heimevakt. Helseføretaket møter økonomiske utfordringar med å gjennomføre desse ambisjonane.
- Kommunane har tilsvarande store utfordringar med omsyn til tilrådd reiseveg til legevakt eller responstid ut til alvorlege hendingar
- Både kommunane og helseføretaka møter utfordringar knytt til nye kompetansekrav.
- Få kommunar har utgreidd akutthjelparordning som dei har forplikta seg til gjennom delavtale

Vår vurdering

Distriktsfylket sine avstandar, reisetider og aldrande, spreiddbuande befolkning tilseier at det må vere eit tett samarbeid mellom HF og kommunane. Helse Førde vektlegg dette samarbeidet.

Sentralisering av kommunal legevakt og av sjukehusa sine akuttfunksjonar stiller gjensidige krav til omfang og kvalitet av ambulansetjeneste. Ambulansetjenesta og den kommunale legevakta må koordinerast slik at endringar i den eine skjer synkront med og balansert i relasjon til endringar i den andre.

Akuttforskrifta pålegg så vel primær- som spesialisthelsetenesta å gi akuttmedisinsk samhandlingstrening for eigne tilsette. Dette tiltaket vil kunne gi betydeleg betra kvalitet på akuttmedisinske tenester, men teambasert samhandlingstrening er likevel førebels berre unntaksvis etablert. Fylkesmannen meiner at helseføretaket er nærast til ta eit overordna ansvar for at dette skal fungere. Vi merkar oss at gruppa er av same meining. KommuneBest er eit godt grunnlag for å bygge samarbeidet.

Kommunane i fylket går saman om søknad om legevaktpilot. Prosjektgruppa ønskjer ein legevaktpilot velkommen. Dersom piloten vert gjennomført bør ein sjå på om det er spesielle utsette område som denne kan utbetre. Eit tettare samarbeid med kommunane og helseføretaket er nødvendig.

Vi stiller spørsmål ved HF's vurdering av behov for å kutte overgangstider mellom ambulanse og kommune. Dette har vore rekna som eit eigna felt for fagleg kvalitetsbetrande samarbeid som legg til rette for samhandling og erfaringsoverføring mellom ambulanspersonell og legevakter. I praksis er dette den viktige lokale teamtreninga som spring ut av dagleg arbeid.

Vi kjenner til at det tidlegare også har vore aksept for at ambulanspersonell kan delta i akutt legevaktarbeid og dette har vore eit argument for samlokalisering eller nærlokalisering av legevakt/ambulanse fordi dette vil betre beredskap og kvalitet. I fylket vårt er ambulanse cirka 80% av tida i beredskap og mannskapet er soleis tilgjengeleg.

Vi er einige i at det kan vere nyttig å prøve ut kvite bilar for å avlaste ambulansetenesta.

Fase 1 gjev eit godt grunnlag for å gå inn i fase 2 der ein skal sjå på arbeidsmåtar for å sikre god pasientflyt, øvingar, samarbeidsformer, riktig bruk av transport i tillegg til tal stasjonar, bilar, avvikling av heimevakt, utbetring av stasjonar og responstider både for ambulanse, utrykking av helsepersonell i kommune og reiseveg til legevakt.

I fase 2 er det naudsynt at kommunane er med i prosjektet, kanskje meir enn i fase 1 for å sikre at dei er deltakarar og ikkje berre må akseptere ein modell som helseføretaket har kome fram til og bestemt skal implementerast.

Med helsing

Per Stensland
fylkeslege

Linda Svori
assisterande fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.